

# SKRIV ENKELT OG KLART- SKRIV NYNORSK



VISSTE DU AT

DU FRÅ OG MED 8. KLASSE SJØLV KAN AVGJERE OM DU VIL  
HA NYNORSK ELLER BOKMÅL SOM HOVUDMÅL, OG AT DU  
HEILE TIDA STÅR FRITT TIL Å SKIFTE HOVUDMÅL?

## GRUNNAR TIL AT DU GJER LURT I Å VELJE NYNORSK:

- \*Dialekten din lærte du deg alt som liten, - den er vorten ein del av deg sjølv. Du bør derfor skrive mest mogeleg slik som du pratar. Då vert du trygg i skriftmålet ditt, og vil uttrykkje deg enkelt og klart. For dei fleste vil nynorsken høve best til dialekten.
- \*Bokmål får dei fleste nok av gjennom massemedia. Å velje nynorsk som hovudmål er kanskje den einaste sjansen du har til å lære nynorsk skikkeleg.
- \*I mange yrke vert det kravd at du skal meistre begge målformene.

## TIL DEG SOM HAR NYNORSK, OG SNART ER FERDIG I UNGDOMSSKULEN:

- \*Når du kjem over på ein ny skule eller går ut i arbeidslivet, kan du kome til å oppleve eit press for å gå over til bokmål.
- \*Er du budd på dette presset og innser at det er rett av deg å ha nynorsk, vil det også verte lettare for deg å stå mot presset.

# TAL DIALEKT- SKRIV NYNORSK

Det er Norsk Målungdom som gjev ut dette flygebladet. Norsk Målungdom arbeider for det nynorske skriftmålet, og for at du skal kunne bruke dialekten din i alle samanhengar.

Eg vil vite meir om Norsk Målungdom.

Eg vil melde meg inn i Norsk Målungdom.

Namn og adresse:.....

Skal sendast til Norsk Målungdom, Munkedamsvegen 67, OSLO 2.